

## Riksrevisjonens melding om verksemda i 2014

Dokument 2 (2014–2015)



-6 998 84 768 657 9 493 460 65 237 5 740 612 3 808 164 11 218 9 461

42 104 10 587 040 9 425 14 617 8663 38 121 24 060 13 495 17 1

Denne publikasjonen er tilgjengeleg på Internett:  
[www.riksrevisjonen.no](http://www.riksrevisjonen.no)

Offentlege etatar kan tinge publikasjonen frå  
Departementenes servicesenter  
Telefon: 22 24 20 00  
E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)  
[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)

Andre kan tinge frå  
Bestillinger offentlige publikasjoner  
Telefon: 55 38 66 00  
Telefaks: 55 38 66 01  
E-post: [offpub@fagbokforlaget.no](mailto:offpub@fagbokforlaget.no)

Fagbokforlaget AS  
Postboks 6050 Postterminalen  
5892 Bergen

ISBN 978-82-8229-318-1  
Forsideillustrasjon: Lars Tothammer

## Riksrevisjonens melding om verksemda i 2014

---

Dokument 2 (2014–2015)



## Til Stortinget

Riksrevisjonen legg med dette fram Dokument 2 (2014–2015) *Riksrevisjonens melding om verksemda i 2014*. Riksrevisjonen skal medverke til at midlane og verdiane som høyrer til fellesskapen, blir brukte og forvalta slik Stortinget har fastsett. Det skjer gjennom revisjon, kontroll og rettleiing. Målet med revisjonen er å medverke til betre offentleg ressursbruk.

2014 var det første året i ein fireårig strategisk planperiode i Riksrevisjonen. Visjonen vår for perioden er å bidra til betre offentleg ressursbruk. Den strategiske planen tar for seg dei viktigaste utfordringane Riksrevisjonen står overfor for å kunne løyse samfunnsoppgdraget sitt i tråd med visjonen.

Det er definert tre strategiske mål for perioden 2014–2018:

- aktuell og samfunnsnyttig revisjon
- profesjonell revisjon og kontroll
- god leiing og effektiv ressursbruk

For å lykkast i arbeidet mot dei strategiske måla vil det i perioden vere behov for kontinuerleg forbetring av revisjonsprosessane, kompetanse og kompetanseutviklingsprosessar, og leiing og leiarskapsutviklingsprosessar. Vidare vil det vere behov for å effektivisere og forbetre administrative oppgåver og prosessar.

For å leggje til rette for god måloppnåing blei Riksrevisjonen omorganisert per 1. mai 2014. Som venta førte omorganiseringa til ein reduksjon i talet på årsverk. Omorganiseringa har gjort at vi fokuserer meir på kompetanseutvikling og leiing. Både omorganiseringa og det aktive arbeidet som er i gang for å følgje dei nye internasjonale standardane for offentleg revisjon, har ført til store omstillingar for revisorane våre. Det har vore utfordrande, men revisjonsarbeidet har likevel blitt gjennomført på ein god måte.

Planlagde tiltak for 2014 er i hovudsak gjennomførte i tråd med verksemdsplanen.

### Revisjonen

Resultatet av revisjonen blir rapportert til Stortinget gjennom Dokument 1 (rekneskapsrevisjonen) og Dokument 3-serien (forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollen).

Revisjon er viktig for forvaltninga og forbetningsprosessen som heile tida er i gang der. Krava til omstilling i forvaltninga er blitt større, og rapportane frå Riksrevisjonen er viktige i denne læringsprosessen. For meg som riksrevisor er det godt å observere at forvaltninga verdset råda vi gir, og bruker dei aktivt i forbetningsarbeidet.

Revisjonen i 2014 stadfesta at vi har ei generelt god forvaltning, men fleire etatar med ansvar for viktige samfunnstjenester fekk enno ein gong vesentlege merknader i rekneskapsrevisjonen. Forvaltningsrevisjonen viste mellom anna manglande gjennomføringsevne av politiske vedtak, låg måloppnåing og svak samordning mellom aktørar i forvaltninga, medan selskapskontrollen mellom anna viste at eigarskapsutøvinga på dei undersøkte områda må styrkjast gjennom betre oppfølging av fastsette mål og krav.

Det er viktig for oss å føre vidare den gode kontakten vi har med Stortinget. Vi tar omsyn til innspel frå oppdragsgivaren vår når vi utfører arbeidet vårt. Riksrevisjonen kontrollerer på basis av vedtak i Stortinget. Risikovurderingane våre skal føre til at vi reviderer vesentlege forhold sett ut frå kva det betyr for enkeltmenneske, og ut frå storleiken på budsjett.

Riksrevisjonen, 12. mai 2015

For riksrevisorkollegiet

*Per-Kristian Foss*  
riksrevisor

# Innhold

<b>1</b>	<b>Om Riksrevisjonen</b>	<b>7</b>
1.1	Rolle og oppgaver	7
1.2	Riksrevisorkollegiet	7
1.3	Organisering	8
<b>2</b>	<b>Måloppnåing og ressursbruk</b>	<b>9</b>
2.1	Måloppnåing	9
2.2	Ressursbruk	11
<b>3</b>	<b>Revisjon og rapportering til Stortinget</b>	<b>13</b>
3.1	Rekneskapsrevisjon	13
3.2	Selskapskontroll	14
3.3	Forvaltningsrevisjon	16
3.4	Anna	18
<b>4</b>	<b>Internasjonale aktiviteter</b>	<b>19</b>
4.1	Internasjonale revisjonsoppdrag	19
4.2	Fagfellevurderingar	20
4.3	Deltaking i den globale organisasjonen av riksrevisjonar (INTOSAI)	20
4.4	Nordisk samarbeid	21
4.5	Anna revisjonssamarbeid	22
<b>5</b>	<b>Bistand til utvikling av riksrevisjonar i andre land</b>	<b>23</b>
5.1	Institusjonelle samarbeidsprosjekt	23
5.2	Utviklingssamarbeid og IDI (INTOSAI Development Initiative)	25
<b>6</b>	<b>Dei tilsette i Riksrevisjonen</b>	<b>26</b>
6.1	Personale og arbeidsmiljø	26
6.2	Kompetanse	28
<b>7</b>	<b>Styring, administrasjon og interne aktiviteter</b>	<b>30</b>
7.1	Styringa i Riksrevisjonen	30
7.2	Utviklingstiltak i organisasjonen	30
7.3	Miljø	32
7.4	Tryggleik	33
<b>8</b>	<b>Vurdering av framtidsutsikter og prioriterte område for revisjon</b>	<b>34</b>
8.1	Vurdering av framtidsutsikter	34
8.2	Prioriterte område for revisjon 2014–2018	34
<b>9</b>	<b>Budsjett og rekneskap for 2014</b>	<b>39</b>

<b>Vedlegg 1:</b>	Riksrevisjonens organisasjonskart per 31. desember 2014	41
<b>Vedlegg 2:</b>	Lokalisering av medarbeiderne i Riksrevisjonen per 31. desember 2014	42
<b>Vedlegg 3:</b>	Riksrevisjonens rapportering til Stortinget i 2014	43
<b>Vedlegg 4:</b>	Påbegynte forvaltningsrevisjoner som videreføres i 2015	44
<b>Vedlegg 5:</b>	Revisjonsberetning	46
<b>Vedlegg 6:</b>	Årsregnskap	48
<b>Vedlegg 7:</b>	Orientering om INTOSAI Development Initiative – IDI	65



# 1 Om Riksrevisjonen

## 1.1 Rolle og oppgåver

Riksrevisjonen er eit kontrollorgan for Stortinget. Riksrevisjonen skal gjennom revisjon, kontroll og rettleiing bidra til at inntektene til staten blir betalte inn slik det er føresett, og at statlege midlar og verdiar blir brukte og forvalta på ein økonomisk forsvarleg måte og i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader.

Dei overordna rammevilkåra går fram av lov og instruks om Riksrevisjonen.

### Opgåvene til Riksrevisjonen er

- å revidere statsrekneskapa og alle rekneskapa frå statlege verksemder og andre styresmakter som er rekneskapspliktige til staten, mellom anna forvaltningsbedrifter, forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, statlege fond og andre organ eller verksemder der dette er fastsett i særleg lov, og kontrollere at disposisjonane er i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader (rekneskapsrevisjon)
- å gjennomføre systematiske undersøkingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå Stortingets vedtak og føresetnader (forvaltningsrevisjon)
- å kontrollere forvaltninga av statlege interesser i selskap m.m. (selskapskontroll)
- gjennom revisjonen å bidra til å førebyggje og avdekkje mislege forhold og feil
- å rettleie forvaltninga for å førebyggje framtidige feil og manglar

Riksrevisjonen kan etter avtale påta seg revisjons-, kontroll- eller bistandsoppdrag internasjonalt. Stortinget kan påleggje Riksrevisjonen å setje i gang særlege undersøkingar.

## 1.2 Riksrevisorkollegiet

Den øvste leiinga i Riksrevisjonen er eit kollegium som består av fem riksrevisorar. Dei er valde av Stortinget for ein periode på fire år. Riksrevisorar i perioden 1. januar 2014 til 31. desember 2017 er:

Leiar:	Per-Kristian Foss
Varamedlem:	Martin Engeset
Nestleiar:	Karl Eirik Schjøtt-Pedersen
Varamedlem:	Eirin Faldet
Medlem:	Beate Heieren Hundhammer
Varamedlem:	Kjell Arvid Svendsen
Medlem:	Gunn Karin Gjul
Varamedlem:	Per Jordal
Medlem:	Arve Lønnum
Varamedlem:	Frode Ludvigsen



Riksrevisorkollegiet. Foran: Per-Kristian Foss og Karl Eirik Schjøtt-Pedersen. Bak: Gunn Karin Gjul, Arve Lønnum og Beate Heieren Hundhammer. Foto: Ilja Hendel

### 1.3 Organisering

Riksrevisjonen er frå og med mai 2014 inndelt i éi administrasjonsavdeling, éi støtte- og utviklingsavdeling, tre rekneskapsrevisjonsavdelingar og to forvaltningsrevisjonsavdelingar. Selskapskontrollen er organisert saman med forvaltningsrevisjonen. Juridisk og kommunikasjonsfagleg støtte er samla i stabsseksjonen, som sorterer direkte under revisjonsråden. Vedlegg 1 viser organisasjonskartet.

Riksrevisjonen har hovudkontoret sitt i Oslo og hadde per 31. desember 2014 regionkontor i Bergen, Bodø, Hamar, Kristiansand, Tromsø og Trondheim. I tillegg har verksemda 13 medarbeidarar fordelt på 7 lokalkontor i andre byar. Desse lokalkontora skal avviklast over tid. Riksrevisjonen har totalt 83 medarbeidarar lokaliserte utanfor Oslo. Vedlegg 2 viser eit kart med oversikt over lokaliseringa av Riksrevisjonen rundt om i landet per 31. desember 2014.

Ved utgangen av 2013, hadde Riksrevisjonen 497,5 årsverk. I samband med omorganiseringa per 1.5.2014 blei det beslutta å redusere med 33 årsverk på sikt. Reduksjonen blei gjennomført i 2014.

I 2014 blei det til saman utført 453,33 årsverk i Riksrevisjonen. Årsverka er berekna ut frå ein felles berekningsmetodikk frå Direktoratet for økonomistyring (DFØ). Dette er nærmare forklart i årsrekneskapen i vedlegg 6.

## 2 Måloppnåing og ressursbruk

---

### 2.1 Måloppnåing

Riksrevisjonen har ein visjon om å bidra til betre offentleg ressursbruk. Omverda skal oppleve Riksrevisjonen som eit kompetent, uavhengig og objektivt revisjons- og kontrollorgan. Samhandlinga internt skal vere prega av lagånd, openheit og respekt.

Ny strategisk plan for perioden 2014–2018 blei vedtatt i desember 2013. Den strategiske planen tar for seg dei viktigaste utfordringane Riksrevisjonen står overfor for å kunne løyse samfunnsoppdraget i tråd med visjonen. Det er definert tre strategiske mål for perioden 2014–2018. Nedanfor går vi nærmare inn på måla saman med status for måloppnåinga etter det første året i fireårsperioden.

#### **Mål 1: Aktuell og samfunnsnyttig revisjon**

Revisjonen skal ha stor samfunnsmessig relevans og aktualitet.

Det inneber at Riksrevisjonen skal

- prioritere desse strategiske områda:
  - helse
  - velferd, arbeid og pensjon
  - samfunnstryggleik og beredskap
  - samferdsel
  - globalisering, bistand og miljø
- prioritere revisjonsoppgåvene og ressursbruken etter ei heilskapleg vurdering av risiko og kva som er vesentleg, på tvers av departementsområda
- prioritere revisjon som går på tvers av departement – også utover dei strategiske satsingsområda
- styrkje forvaltningsrevisjon og selskapskontroll på viktige område

#### **Status for måloppnåing 2014**

Riksrevisjonen prioriterer revisjonsoppgåvene ut frå ei samla vurdering av risiko og kva som er vesentleg.

Det er sendt 11 forvaltningsrevisjonsrapportar i Dokument 3-serien til Stortinget i 2014, sjå vedlegg 3. Riksrevisjonen har også gitt ut to administrative rapportar. Dette er hovudsakleg rapportar som har å gjere med tema innanfor dei strategiske satsingsområda. Ved årsskiftet var det påbegynt 16 forvaltningsrevisjonar som skal vidareførast i 2015, sjå vedlegg 4. Dei fleste av desse revisjonane har å gjere med tema innanfor dei strategiske satsingsområda.

Resultata frå selskapskontrollen 2013 er rapporterte til Stortinget gjennom Dokument 3:2 (2014–2015). Fleire av dei utvida selskapskontrollane er innanfor dei strategiske satsingsområda. Det same gjeld for nokre av dei tidlegare sakene som har vore gjenstand for oppfølging gjennom selskapskontroll for 2013. Nokre av dei rapporterte selskapskontrollane har også å gjere med tema som går på tvers av departement. Det er påbegynt fleire utvida kontrollar der ein ventar at resultata blir rapporterte til Stortinget gjennom Dokument 3:2 (2015–2016).

Resultata frå rekneskapsrevisjonen for 2013 er rapporterte til Stortinget gjennom Dokument 1 (2014–2015). 20 av 38 departementsvise merknader er innanfor dei

strategiske satsingsområda. Det er påbegynt fleire revisjonar der ein ventar at resultatata blir rapporterte til Stortinget gjennom Dokument 1 (2015–2016).

### **Mål 2: Profesjonell revisjon og kontroll**

Riksrevisjonen skal vere eit profesjonelt revisjons- og kontrollorgan med høg kompetanse. Planlegging, gjennomføring, rapportering og kommunikasjon skal utførast på ein måte som gjer at Stortinget, forvaltninga og allmenta opplever oss som profesjonelle.

Det betyr at Riksrevisjonen skal

- gjennomføre revisjon og rettleiing med høg fagleg kvalitet og i tråd med lov, instruks og internasjonale standardar
- koordinere planlegging og gjennomføring av oppgåvene innanfor det enkelte departementet på tvers av revisjonstypane
- ta vare på rolla som ekstern revisor i statlege verksemdar i samsvar med god revisjonsskikk
- kommunisere revisjonen og resultatata tydeleg og målretta for å auke gjennomslagskrafta og bidra til ei betre forvaltning

### **Status for måloppnåing 2014**

Merknadene frå Stortinget til dokumenta frå Riksrevisjonen viser at Riksrevisjonen har høg tillit hos oppdragsgivaren. Som kontrollorgan for Stortinget er Riksrevisjonen også avhengig av tillit frå allmenta. Ipsos MMI gjennomførte på oppdrag av Riksrevisjonen ei opinionsundersøking i 2014. Resultatet viste mellom anna at 87 prosent av dei spurde meiner at Riksrevisjonen har høgt truverd og medarbeidarar med høg kompetanse. Medieomtalen for 2014 indikerte heller ikkje sviktande tillit, verken i tradisjonelle eller sosiale media.

Brukarundersøkingar i forvaltninga, som blei gjennomførte etter at revisjonsresultata for alle dei tre revisjonstypane var lagde fram, viser gode resultat. Særleg dialogen med Riksrevisjonen blir opplevd som god, og dei tilsette i Riksrevisjonen blir oppfatta som profesjonelle og kompetente. Brukarundersøkingane er nærmare omtalte i kapittel 3.

Revisjonsmetodikken i Riksrevisjonen er i tråd med internasjonale standardar. Det blir arbeidd kontinuerleg for at revisjonen skal vere så profesjonell som mogleg.

For å sikre at planlegginga, gjennomføringa og rapporteringa av revisjon og kontroll skjer i tråd med lov, instruks og revisjonsstandardar, gjennomfører Riksrevisjonen periodisk inspeksjon (kvalitetskontroll utanom linja) av dei ulike revisjonstypane. Avvik som blir avdekte i kontrollane, blir brukte som innspel til det kontinuerlege forbetningsarbeidet.

### **Mål 3: God leiing og effektiv ressursbruk**

God leiing, organisering og styring skal sikre effektiv oppgåveløysing og fleksibel ressursbruk. Leiarar og medarbeidarar skal saman sikre at det er samsvar mellom oppgåver og kompetanse og gjennomføring av arbeidet.

Dette betyr at Riksrevisjonen skal

- ta tydelege strategiske avgjerder og sikre gjennomføring i organisasjonen
- leggje vekt på god fagleg leiing som gir meirverdi og kvalitet i oppgåveløysinga
- vidareutvikle sterke kompetansmiljø
- utnytte kompetanse og ressursar på tvers av organisasjonseiningar og revisjonstypar betre

- sikre at støttesystema bidrar til effektiv og god oppgåveløysing

### Status for måloppnåing 2014


I perioden har det vore gjennomført ei omorganisering der eit sentralt formål var å vidareutvikle sterke kompetansemiljø. Vidare har det vore gjennomført tiltak for å forbetre rutinar for formidling og oppfølging av strategiske avgjerder, implementering av nye leiar- og medarbeidarkrav, kompetanseutvikling og forenkling og forbetring av sentrale støttesystem. Tiltaka er nærmare omtalte i kapitla 6 og 7.

For å lykkast i arbeidet med å nå dei strategiske måla vil det vere behov for kontinuerleg forbetring av prosessar og system. Dette detaljplanleggast i dei årlege planane for verksemda.

## 2.2 Ressursbruk

Figur 1 viser fordelinga av personellressursane på dei ulike aktivitetane i 2014. Ressursfordelinga er uendra frå 2013. Det er positivt at Riksrevisjonen har halde dei revisjonsfaglege aktivitetane på same nivå i eit år der omorganiseringa har fått stor merksemd.

Figur 1 Fordelinga av ressursane på dei ulike aktivitetane i 2014




Tabell 1 viser revisjonsinnsatsen fordelt på dei ulike revisjonstypene i åra frå 2011 til 2014. Ressursfordelinga har vore stabil det siste året. I tråd med intensjonane i strategisk plan og ny organisasjon er det venta at ressursar til selskapskontroll vil auke i 2015.

Tabell 1 Revisjonsinnsatsen fordelt på dei ulike revisjonstypene i perioden 2011–2014, i prosent

Revisjonstype	2011	2012	2013	2014
Rekneskapsrevisjon	66	65	66	66
Forvaltningsrevisjon	28	28	26	26
Selskapskontroll	6	7	8	8

Figur 2 viser ressursfordeling samla for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i 2014. Prioritering av oppgåver ut frå risiko og kva som er vesentleg, er ein variabel som påverkar ressursfordelinga det enkelte året. Dette gjeld spesielt for risikoar i forvaltninga som fører til forvaltningsrevisjonar, utvida selskapskontrollar og kontroll av disposisjonane i rekneskapsrevisjon. Ressursar for å ta vare på rolla som ekstern revisor for statlege verksemdar er meir stabil frå det eine året til det andre, men talet på verksemdar under det enkelte departementet har betydning for ressursbruken mot det enkelte departementet.

**Figur 2 Fordelinga av total revisjonsinnsats mot dei ulike departementa i 2014**



## 3 Revisjon og rapportering til Stortinget

### 3.1 Rekneskapsrevisjon



#### Innholdet i rekneskapsrevisjonen:

Riksrevisjonen skal ved revisjon av rekneskapane kontrollere om rekneskapen gir eit riktig bilete av den økonomiske verksemda, mellom anna

- a) stadfeste at rekneskapane ikkje inneheld vesentlege feil og manglar
- b) kontrollere om dei disposisjonane som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader og gjeldande regelverk, og om disposisjonane er akseptable ut frå normer og standardar for statleg økonomiforvaltning

#### Revisjonen for rekneskapsåret 2013 – Dokument 1 (2014–2015)

Den årlege finansielle revisjonen for rekneskapsåret 2013 omfatta 17 departement og Statsministerens kontor, med til saman 215 underliggjande etatar, i tillegg til Stortinget og tre verksemdar som ligg under Stortinget.

Riksrevisjonen reviderte også

- rekneskapane til Garantikassen for fiskarar og Likviditetsfondet i pensjonstrygda for fiskarar
- bruk av fylkesvegmidlar som blir rekneskapsførte av Statens vegvesen (etter avtale) – det er sendt oppsummeringsbrev til 18 fylkesrevisjonar om resultatet av denne kontrollen
- dei kommunevise skatterekneskapane, som er delrekneskapar til skatteetaten sine samla rekneskapar

I tillegg gav Riksrevisjonen revisjonsmelding til fem nordiske verksemdar og til FN-sambandet.

Av til saman 215 statlege verksemdar som fekk revisjonsmelding, fekk 13 melding om vesentlege feil og manglar ved rekneskapane, og 25 fekk vesentlege merknader til utvalde disposisjonar. 14 av dei 17 departementa fekk vesentlege merknader til budsjettgjennomføringa og etatsstyringa.

Blant dei 25 verksemdene som fekk vesentlege merknader til utvalde disposisjonar, var det fleire etatar med ansvar for viktige samfunnsstenester. Riksrevisjonen fann det alvorleg at fleire av desse store verksemdene hadde fått merknader fleire år på rad.

Det generelle inntrykket var at statsforvaltninga og rekneskapane og budsjettdisponeringa til staten hadde god kvalitet. Det er likevel rom for forbedringar. Dette er hovudfunna:

- uklarheiter og manglande samordning i val av finansielt rammeverk
- svakheiter ved tryggleiken i informasjonssystema
- manglar ved gjennomføring av fleire tenester av stor betydning for tryggleik og velferd
- mangelfull styring av fleire store prosjekt i forvaltninga
- utfordringar med fleire av styrings- og kontrollsystema til forvaltninga

### **Brukarundersøking om rekneskapsrevisjon**

Brukarundersøking om rekneskapsrevisjon

Brukarundersøkinga om rekneskapsrevisjonen for rekneskapsåret for 2013 viser svært god måloppnåing. Undersøkinga byggjer på svar frå 183 reviderte verksemder og departement.

Tabell 2 viser måloppnåinga knytt til dei aktuelle resultatindikatorane.

<b>Tabell 2 Resultatindikator og måloppnåing for rekneskapsrevisjon</b>	
<b>Resultatindikator</b>	<b>Måloppnåing 2014</b>
Minst 85 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen har tilstrekkeleg kompetanse i gjennomføringa av oppgåvene.	91 %
Minst 80 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen gir konstruktiv rettleiing.	78 %
Minst 85 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen presenterer resultatata av revisjonen på ein god, balansert og truverdig måte.	92 %

## **3.2 Selskapskontroll**





### Innhaldet i selskapskontrollen:

Riksrevisjonen vurderer gjennom selskapskontrollen om statlege interesser i selskap m.m. blir forvalta i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader. Kontrollen skal belyse forhold av stor samfunnsmessig eller prinsipiell betydning på bakgrunn av vurderingar av risiko og kva som er vesentleg.

Kontrollen blir utført ut frå desse perspektiva:

- etterleving av lover, reglar og vedtak
- varetaking av samfunnsmessige oppgåver og sektorpolitiske mål
- effektiv og økonomisk forsvarleg drift
- korrekt informasjon til Stortinget og Riksrevisjonen

### Kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2013 – Dokument 3:2 (2014–2015)

Kontrollen for 2013 omfatta 125 selskap og verksemdar fordelt på heil- og deleigde aksjeselskap, helseføretak, statsføretak, særlovselskap og studentsamskipnader.

Riksrevisjonen hadde merknader til korleis statsråden hadde forvalta statlege interesser under Helse- og omsorgsdepartementet, Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Vidare hadde Riksrevisjonen merknader til gjennomføringa av eigarpolitikken til regjeringa når det gjaldt kapitalstruktur i selskap. Kontrollane viste at eigarskapsutøvinga på dei undersøkte områda må styrkjast gjennom betre oppfølging av fastsette mål og krav.

Vidare viste kontrollen

- at helseføretaka hadde mangelfulle beredskapsplanar for ikt, vann og strøm
- at det var manglande tryggleik rundt helseopplysningar i helseføretaka
- at Norsk Tipping kan effektiviserast
- at mange selskap hadde høg eigenkapitaldel
- at universitet og høgsular må følgje opp selskapa sine betre
- at ikt-prosjekta i spesialisthelsetenesta var lite samordna

### Brakarundersøking om selskapskontrollen

Resultata frå den oppsummerte brukarundersøkinga for selskapskontroll for rekneskapsåret 2013 byggjer på 5 utvida kontrollar og totalt 18 brukarundersøkingar. 10 av respondentane er departement.

Tabell 3 viser måloppnåinga knytt til dei aktuelle resultatindikatorane.

Tabell 3 Resultatindikator og måloppnåing for selskapskontroll

Resultatindikator	Måloppnåing 2014
Minst 80 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen har tilstrekkeleg kompetanse i gjennomføringa av oppgåvene.	89 %
Minst 80 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen presenterer resultata av kontrollen på ein god, balansert og truverdig måte.	74 %
Minst 80 % av departementa oppgir at dei har brukt eller planlegg å bruke riksrevisjonsrapportane som grunnlag for endringar/forbetringar.	76 %

### 3.3 Forvaltningsrevisjon

#### Innhaldet i forvaltningsrevisjonen:

Riksrevisjonen skal gjennom systematiske undersøkingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå Stortingets vedtak og føresetnader skaffe relevant informasjon til Stortinget om iverksetjing og verknader av offentlege tiltak e.l., mellom anna

- a) om forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarer med Stortingets vedtak og føresetnader
- b) om ressursbruken og verkemidla i forvaltninga er effektive med tanke på dei måla Stortinget har sett på området
- c) om regelverk fastsette av Stortinget blir etterlevde
- d) om styringsverktøya, verkemidla og regelverket til forvaltninga er effektive og formålstenlege for å følgje opp Stortingets vedtak og føresetnader
- e) om avgjerdsgrunnlaget frå regjeringa til Stortinget er tilstrekkeleg
- f) om forvaltninga gjennomfører den vedtatte miljøpolitikken, slik at prinsippet om berekraftig utvikling og god forvaltning av naturressursane blir etterlevd.

Forvaltningsrevisjon bør avgrensast til saker av prinsipiell, økonomisk eller stor samfunnsmessig interesse.

#### Forvaltningsrevisjonar som blei slutførte i 2014

Riksrevisjonen sende 11 forvaltningsrevisjonar til Stortinget i 2014. Revisjonane rapporterer om forhold som dreier seg om manglande gjennomføringsevne av politiske vedtak, låg måloppnåing og svak samordning mellom aktørar i forvaltninga. Fleire revisjonar viser at det også er eit potensial for å auke effektiviteten i oppgåveløysinga. Eit sentralt funn i nokre revisjonar er at det er eit potensial for betre bruk av statlege verkemiddel og ressursar og meir koordinert verkemiddelbruk. I fleire av revisjonane er det påvist eit behov for å styrkje koordineringa mellom ulike delar av statsforvaltninga og/eller på tvers av forvaltningsnivåa. Enkelte revisjonar viser vidare at det er svakheiter i styringssystema og internkontrollen i forvaltninga.

Vedlegg 3 viser ei oversikt over alle forvaltningsrevisjonane som blei sende til Stortinget i 2014. Vedlegg 4 gir ei oversikt over påbegynte forvaltningsrevisjonar som blir førte vidare i 2015.

#### Administrative rapportar i 2014

Enkelte forvaltningsrevisjonar blir ikkje sende til Stortinget som eiga sak, men trykte i ein administrativ rapportserie og sende til kontroll- og konstitusjonskomiteen, den aktuelle fagkomiteen og aktuelle departement til orientering.

Det blei utarbeidd to administrative rapportar i 2014:

#### Administrativ rapport 1 2014 – Riksrevisjonens undersøking av forvaltninga av nasjonalparker



Undersøkinga viser at den nye forvaltningsmodellen med lokal forvaltning i hovudsak er sett i verk slik det var tenkt, og at modellen gir grunnlag for større lokal medverknad og betre samhandling lokalt i nasjonalparkforvaltninga. Undersøkinga viser også at nasjonalparkstyra og nasjonalparkforvaltarane får god oppfølging og rettleiing frå Miljødirektoratet.

Vedtektene for nasjonalparkstyra ikkje er heilt i samsvar med stortingsvedtaket når det gjeld kven som skal nemne opp nasjonalparkstyra. Det går vidare fram av undersøkinga at fylkesmennene har ulik tilnærming til oppfølginga av nasjonalparkforvaltninga og at det er vanskeleg å få etablert fagleg rådgivande utval. Det er behov for å klargjere kva rolle Fylkesmannen og dei fagleg rådgivande utvala skal ha i forvaltninga.

Forvaltninga av nasjonalparkane er fordelt på mange aktørar og fleire nivå, og konsekvensane ser ut til å vere at forvaltninga har blitt lite tids- og kostnadseffektiv. Behandlingstida i Klima- og miljødepartementet har vore for lang i mange av klagesakene. Departementet har frå januar 2015 delegert myndigheten til å fatte vedtak i klagesaker til Miljødirektoratet.

### **Administrativ rapport 2 2014 – Riksrevisjonens undersøking av statleg tilsynsverksemd**



Undersøkinga viser at tilsynsorgana og tilsynseiningane i fylkesmannsembeta opplever at dei har nødvendig kompetanse og fridom til å velje tilsynsmetodikk. I djupundersøkinga av Arbeidstilsynet, Statens helsetilsyn og Luftfartstilsynet kjem det også fram at eit stort fleirtal av tilsynsobjekta til desse tilsynsorgana opplever at tilsynet er gjennomført profesjonelt og med god kompetanse.

Vidare viser undersøkinga at planlegginga av tilsynsverksemda og oppfølginga av tilsynsobjekta kan bli meir målretta, at betre samordning av tilsyn er mogleg, at tilsynsorgana og fagdepartementa har lite systematisk informasjon om effekten av tilsynsverksemda, og at Kommunal- og moderniseringsdepartementet i liten grad har initiert undersøkingar av korleis tilsyn fungerer som forvaltningspolitisk verkemiddel, og berre i avgrensa grad lagt til rette for erfaringsutveksling og kompetanseoppbygging.

### **Forbetringar i forvaltninga**

Riksrevisjonen følgjer opp alle forvaltningsrevisjonar som er behandla i Stortinget, ved å kontrollere at forvaltninga har sett i verk tiltak for å rette opp påviste manglar. Oppfølginga skjer normalt tre år etter stortingsbehandlinga. Resultata blir presenterte for Stortinget i det årlege Dokument 3:1.

Dokument 3:1 (2014–2015) omhandla oppfølginga av 11 forvaltningsrevisjonar.

For 10 av sakene viste oppfølginga at forvaltninga hadde gjort forbetringar, og sakene blei avslutta.

Éi sak blir følgd vidare:

- *Riksrevisjonens undersøkelse av Integrerings- og mangfoldsdirektoratets måloppnåelse og virkemiddelbruk i arbeidet med bosetting og kvalifisering av flyktninger – Dokument 3:3 (2010–2011).*

### **Brukarundersøking om forvaltningsrevisjonen**

Resultata frå den oppsummerte brukarundersøkinga om forvaltningsrevisjonen byggjer på 10 rapportar og totalt sett 25 svar frå respondentar. 16 av respondentane er departement. Undersøkinga viser god måloppnåing.

Tabell 4 viser måloppnåinga knytt til dei aktuelle resultatindikatorane.

<b>Tabell 4 Resultatindikator og måloppnåing for forvaltningsrevisjonen</b>	
<b>Resultatindikator</b>	<b>Måloppnåing 2014</b>
Minst 80 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen har tilstrekkeleg kompetanse i gjennomføringa av oppgåvene.	87 %
Minst 80 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen presenterer resultata av revisjonen på ein god, balansert og truverdig måte.	81 %
Minst 80 % av departementa oppgir at dei har brukt eller planlegg å bruke riksrevisjonsrapportane som grunnlag for endringar/forbetringar.	77 %

## **3.4 Anna**

### **Kommunikasjon**

I 2014 arrangerte Riksrevisjonen sju pressekonferansar i samband med offentliggjerung av dokument.

Dei mest omtalte sakene i 2014 var Riksrevisjonens undersøkingar om barnefattigdom, varetaking av veteranar frå internasjonale operasjonar og arbeidsretta oppfølging frå NAV av personar med nedsett arbeidsevne. Saker frå Dokument 1 (2014–2015) som blei spesielt mykje omtalte, var moderniseringa av ikt i arbeids- og velferdsetaten, Autosys-systemet i Statens vegvesen, ikt-tryggleik i statsforvaltninga og Sivilforsvaret si evne til forsterking av nød- og beredskapsetatane.

Negativ omtale av Riksrevisjonen i media gjekk ned frå 9 prosent i 2013 til 4 prosent i 2014. Medie-omtale blir vekta negativt dersom leiinga for verksemda eller leiinga i departementet uttrykker ueinigheit med Riksrevisjonens funn/konklusjonar eller det er en sak som kan svekke Riksrevisjonens omdømme.

### **Undervisning, foredragsverksemd, seminar og liknande**

Riksrevisjonen har bidratt med undervisning og foredrag i fleire samanhengar, mellom anna for forvaltning, statlege selskap, interesseorganisasjonar og utval, og på etterspurnad frå eksterne kursarrangørar. I 2014 heldt riksrevisor og medarbeidarar i Riksrevisjonen ei rekkje revisjonsfaglege og andre foredrag i eksterne forum.

### **Tips til Riksrevisjonen**

Riksrevisjonen har ein elektronisk tipskanal på heimesida si. I 2014 blei det registrert 126 tips. Dei fleste av tipsa gjeld saker som ikkje kan karakteriserast som mislege forhold, men som likevel kan vere nyttige for revisjonen.

## 4 Internasjonale aktivitetar

Riksrevisjonen vedtok i 2014 ein ny strategi for den internasjonale verksemda. Strategien gir retning og grunnlag for prioriteringar i det internasjonale engasjementet vårt i perioden 2014–2018. Den internasjonale strategien skal støtte opp under og reflektere måla som er nedfelte i den strategiske planen vår for 2014–2018. Spesielt blir det understreka at det er viktig at Riksrevisjonen utviklar og har høg fagleg kompetanse. Det er viktig at det internasjonale arbeidet støttar opp under dette målet og legg til rette for å styrkje kunnskap og dele erfaring på område som er viktige for Riksrevisjonen. Riksrevisjonen har også eit ansvar for å hjelpe andre land med å byggje opp ei statleg revisjonsmyndigheit gjennom eit sterkt og tydeleg internasjonalt engasjement. Bistandsprosjekta til Riksrevisjonen er bygde på tankegangen om at uavhengige og effektive riksrevisjonar er ein føresetnad for å sikre ein velfungerande kontroll av offentleg sektor og nedkjemping av korrupsjon og mislege forhold.

---

### 4.1 Internasjonale revisjonsoppdrag

Riksrevisjonen har som mål aktivt å søkje oppdrag som ekstern revisor i internasjonale organisasjonar som er viktige for Noreg. I tråd med prinsippa til INTOSAI ønskjer Riksrevisjonen gjennom dette arbeidet å påverke til større openheit og betre forvaltning i dei mange internasjonale organisasjonane som Noreg er medlem av.

Riksrevisjonen har hatt som mål å ha mellom fem og åtte oppdrag som ekstern revisor i internasjonale organisasjonar. I 2014 hadde Riksrevisjonen desse revisjonsoppdraga:

- EFTAs overvakingsorgan (ESA), EFTA-domstolen og EFTA-sekretariatet og EØS-overføringane til nye EU-medlemmer  
Riksrevisjonen har vore medlem av EFTA Board of Auditors (EBOA) i Brussel sidan 1992. Den noverande medlemmen frå Riksrevisjonen blei nemnd opp frå 1. januar 2012 og er vald som leiar av EBOA.
- NATOs revisjonsråd  
Riksrevisjonen har sidan 1. september 2010 vore representert med éin medlem i NATOs revisjonsråd i Brussel. Representanten sit i ein periode på fire år og avslutta oppdraget sitt 31. august 2014.
- EPOs revisjonsråd  
Riksrevisjonen har sidan 1. januar 2013 hatt éin representant i revisjonsrådet for EPO (Den europeiske patentorganisasjonen) i München. Representanten sit i ein periode på fem år.
- CERNs rådgivande revisjonskomité (SACA)  
Riksrevisjonen har sidan 1. januar 2013 hatt éin representant i CERNs rådgivande revisjonskomité SACA (Standing Advisory Committee on Audits) i Genève. Representanten sit i ein periode på tre år.
- INTERPOL – den internasjonale politiorganisasjonen  
Riksrevisjonen blei nemnd ut som ekstern revisor for INTERPOL (International Criminal Police Organization) i Lyon hausten 2010. Oppdraget var opphavleg for ein periode på tre år, men blei i 2013 fornya for ytterlegare tre år (rekneskapsåra 2013–2015).

- Nordic Optical Telescope Scientific Association (NOTSA)  
NOTSA er formelt ein svensk stiftelse som blei grunnlagd som ein non-profit-organisasjon i 1984. Revisjonsansvaret har gått på omgang mellom riksrevisjonane i dei nordiske landa. Riksrevisjonen har hatt revisjonsansvaret i fire år, dvs. for rekneskapsåra 2010–2013. Oppdraget blei avslutta i juni 2014.

---

## 4.2 Fagfellevurderingar

Fagfellevurderingar (*peer reviews*) er eit nyttig verktøy for riksrevisjonar for å få gjennomført revisjonsfaglege og institusjonelle vurderingar av revisjonspraksis og eigen organisasjon. Erfaringar viser at dei revisorane som deltar i slike institusjons-gjennomgangar, har stort fagleg utbytte.

Mot slutten av 2013 starta revisorar frå Riksrevisjonen arbeidet med å leie det internasjonale teamet som gjennomførte ei fagfellevurdering av den amerikanske riksrevisjonen (U.S. GAO) sin praksis for både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Det var fjerde gongen Riksrevisjonen deltok i ei fagfellevurdering av GAO og andre gongen Riksrevisjonen leidde arbeidet. Arbeidet blei avslutta og rapport send til GAO i september 2014.

To medarbeidarar frå Riksrevisjonen deltok i 2014 i fagfellevurdering av riksrevisjonen i Litauen. Det internasjonale teamet for denne fagfellevurderinga blei leidd av European Court of Auditors (ECA), og representantane frå Riksrevisjonen deltok med ekspertise på rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Arbeidet blei avslutta og rapport send til riksrevisjonen i Litauen i november 2014.

---

## 4.3 Deltaking i den globale organisasjonen av riksrevisjonar (INTOSAI)

Riksrevisjonen er medlem av den globale organisasjonen av riksrevisjonar, International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI), og den regionale organisasjonen for Europa, European Organisation of Supreme Audit Institutions (EUROSAI).

INTOSAI er etablert for å vere ein møteplass for utveksling av idear og erfaringar mellom riksrevisjonar. Organisasjonen skal bidra til å fremme den faglege utviklinga av revisjonsfaget for offentleg revisjon. Riksrevisjonen spelar i dag ei viktig rolle i INTOSAI, og riksrevisoren er medlem av styret og av finans- og administrasjonskomiteen (FAC) i organisasjonen.

Riksrevisjonen er gjennom medlemskapen i FAC del av ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein ny strategisk plan for INTOSAI for perioden 2017–2023.

### **Utvikling og implementering av internasjonale standardar for offentleg revisjon**

Hausten 2013 vedtok kongressen for INTOSAI grunnleggjande prinsipp for offentleg revisjon (ISSAI-rammeverket). Gjennom 2014 har arbeidet halde fram med gjennomgang og vidareutvikling av standardar og retningslinjer for kvar av revisjonstypene. ISSAI-rammeverket omfattar krav til institusjonelt sjølvstende og etikk, overordna styring og leiing, generelle prinsipp for offentleg revisjon og metodikk for finansiell revisjon, etterlevingsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Riksrevisjonen deltar i INTOSAIs arbeid med implementeringa av standardane mellom anna gjennom utarbeiding av handbøker, fagseminar med regionale riksrevisjonar og foredrag på internasjonale seminar for offentleg revisjon.



Implementering av ISSAI-ane (International Standards for Supreme Audit Institutions) er ein viktig del av bistandsarbeidet Riksrevisjonen utfører mot riksrevisjonar i utviklingsland.

Riksrevisjonen leiar komiteen i INTOSAI som har ansvar for å utarbeide og halde ved like standardar for etterlevingsrevisjon (Compliance Audit). Riksrevisjonen er i tillegg medlem av komiteane for forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon. I løpet av 2014 er det lagt fram oppdaterte internasjonale standardar for forvaltningsrevisjon.

#### **Ikt-revisjon**

Riksrevisjonen har i 2014 deltatt i prosjektet *Development of ISSAI 5300 on Guidelines on IT Audits* og prosjektet *Updating ISSAI 5310 on Information Systems Security Audit* i INTOSAI IT Working Group. Arbeidet med å utvikle desse standardane held fram i 2015.

Riksrevisjonen har gjennom engasjementet i EUROSAI IT Working Group i 2014 deltatt i ein parallellrevisjon av om det er etablert ein forsvarleg prosess for søknad, produksjon og utsending av biometriske pass. Revisjonen blir gjennomført i sju land i Europa og vil gi eit godt bilete av kor effektivt og sikkert politiet i Noreg utfører dette arbeidet samanlikna med andre land. Ein sluttrapport frå revisjonen vil bli ferdigstilt i løpet av våren 2015.

#### **Institusjonsutvikling av riksrevisjonar**

Riksrevisjonen er medlem av INTOSAI arbeidsgruppe for institusjonsutvikling av riksrevisjonar. Denne gruppa har produsert fleire retningslinjer for korleis riksrevisjonar best kan utviklast. Gjennom denne typen arbeid blir det stimulert til større grad av samordning av kapasitetsbyggingsaktivitetar mellom dei mange aktørane som er involverte i aktivitetane.

#### **Miljørevisjon**

Noreg har lenge hatt ei aktiv rolle i INTOSAI miljøarbeidsgruppe. Riksrevisjonen deltar for tida i tre prosjekt som greier ut risiko og revisjonstilnærmingar på områda marint miljø, miljøevalueringar og energieffektivitet. I 2014 har Riksrevisjonen også leidd arbeidet med oppdatering av ein rettleiar om integrering av mislegheitsaspektet ved gjennomføring av revisjonar av miljø- og ressursforvaltning.

Seks år som leiar av EUROSAI arbeidsgruppe for miljørevisjon blei avslutta i 2014. Oppgåvene til arbeidsgruppa, som no vert leia av Estland, er å spreie kunnskap om miljørevisjon til medlemmene, bidra til samarbeid på området og styrkje metodisk og tematisk kunnskap innan området miljørevisjon.

---

#### **4.4 Nordisk samarbeid**

Det nordiske samarbeidet mellom riksrevisjonane i Danmark, Sverige, Finland, Færøyane, Island og Noreg går føre seg på både riksrevisor- og ekspertnivå. Gjennomgåande tema i 2014 har vore revisjon av informasjonstryggleik i staten, eigarstyring og eigarskapsforvaltning og risiko- og områdeanalysar knytte til revisjon.

---

## 4.5 Anna revisjonssamarbeid

### Parallellrevisjon av Arktisk råd



Den norske og den russiske riksrevisoren tok i 2011 initiativ til ein felles revisjon av Arktisk råd. I tillegg til Russland og Noreg – som koordinerer arbeidet – har Danmark, Sverige og USA deltatt i revisjonen, medan Finland, Island og Canada har vore observatørar. Formålet har vore å 1) beskrive dei miljømessige utfordringane og dei økonomiske moglegheitene i Arktis, 2) vurdere i kva grad Arktisk råd og dei nasjonale styresmaktene møter utfordringane, og 3) vurdere på kva måte tilrådingane frå rådet blir følgde opp, og om rådet er formålstenleg organisert.

Landa har utarbeidd nasjonale rapportar til sine respektive parlament og med utgangspunkt i dei utarbeidd eit felles memorandum. Den norske rapporten blei levert Stortinget 17. desember 2014 (Dokument 3:3 (2014–2015) *Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes arbeid med Arktisk råd*). Det felles memorandumet blei sendt til Stortinget i februar 2015.

### Parallellrevisjon av atomtryggleiksarbeidet i nordområda

Den norske og den russiske riksrevisjonen gjennomførte i perioden 2008–2009 ein parallellrevisjon av atomtryggleiksarbeidet i nordområda. Revisjonen blei rapportert til Stortinget i Dokument 3:9 (2009–2010). Vidare blei det gjennomført ein revisjon i 2010 som blei rapportert til Stortinget i Dokument 3:5 (2011–2012). I perioden 2013–2014 er det gjennomført ein parallell oppfølgingsrevisjon av atomtryggleiksarbeidet i nordområda. Revisjonen blei rapportert i Dokument 3:1 (2014–2015) *Riksrevisjonens oppfølging av undersøkelser som er behandlet av Stortinget*.

### Europeisk samarbeidsrevisjon om nasjonalparker

På eit nordisk-baltisk riksrevisormøte i 2011 blei det tatt initiativ til ein samarbeidsrevisjon om nasjonalparker. I tillegg til Noreg har Bulgaria, Danmark, Litauen, Kroatia, Polen og Ukraina deltatt. Landa har utarbeidd nasjonale rapportar til sine respektive parlament og med utgangspunkt i dei utarbeidd ein fellesrapport. Den norske rapporten blei offentleggjort 9. februar 2014 (Administrativ rapport 1 (2014–2015) *Riksrevisjonens undersøkelse av forvaltninga av nasjonalparker*). Fellesrapporten blei under-teikna av riksrevisorane i desember 2014.



## 5 Bistand til utvikling av riksrevisjonar i andre land

Målet for utviklingssamarbeidet er å bistå riksrevisjonar i utvalde land slik at dei kan bidra meir effektivt til å fremme eit godt styresett. I dette arbeidet tar Riksrevisjonen utgangspunkt i dei internasjonale standardane for offentlig revisjon, gir opplæring og rettleiing innan ulike revisjonsformer og støtte til styrking av institusjonane. Riksrevisjonen har også bistått med ei kvalitetsvurdering av fleire riksrevisjonar i utviklingsland gjennom bruken av eit nytt rammeverk frå International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) for måling av kvalitet på og identifisering av utviklingsbehov hos riksrevisjonar i utviklingsland.

### 5.1 Institusjonelle samarbeidsprosjekt

Riksrevisjonen hadde i 2014 eit samarbeid med riksrevisjonane i Makedonia, Nepal, Uganda, Sør-Sudan og Zambia og ein institusjonell partnerskap med sekretariatet for engelskspråklege riksrevisjonar i Afrika (AFROSAI-E). I juni 2014 blei samarbeidet med riksrevisjonen i Sør-Sudan satt på vent som følge av borgarkrigstilstandar i landet. Samarbeidet vil ikkje bli tatt opp igjen før det er politisk stabilitet.

#### Zambisk riksrevisjon

Samarbeidet med riksrevisjonen i Zambia blei fornya for ein ny treårsperiode i 2014. I 2014 har samarbeidet omfatta styrking av forvaltningsrevisjon, ikt-revisjon, inntektsrevisjon og etablering av elektroniske revisjonsstøtteverktøy. Støtte frå Riksrevisjonen har bidratt til at fem forvaltningsrevisjonsrapportar er presenterte for parlamentet. I tillegg har bistanden til ikt-revisjonen bidratt til at viktige funn i ikt-forvaltninga er rapporterte i den årlege zambiske riksrevisjonsrapporten.

#### Nepalsk riksrevisjon

Den nepalske riksrevisjonen har eit samarbeid med Riksrevisjonen om mellom anna lovutforming, strategisk planlegging, rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. I 2014 var starta eit samarbeid om miljørevisjon.



Den norske og den vietnamesiske riksrevisoren på besøk hos den nepalske riksrevisjonen i samband med grunnlovsprosessen.

Foto: Riksrevisjonen i Nepal

I september 2014 var riksrevisor Per-Kristian Foss på besøk i Nepal for å promotere viktigheita av uavhengige riksrevisjonar i samband med den pågåande grunnlovsprosessen i landet. Han hadde mellom anna møte med statsministeren, finansministeren og andre leiande politikarar i landet. Riksrevisjonen samarbeider tett med Verdsbanken i samband med kapasitetsstyrkinga av riksrevisjonen i Nepal.

#### **Engelskspråklege riksrevisjonar i Afrika – AFROSAI-E**

AFROSAI-E er ei samanslutning av engelskspråklege riksrevisjonar i Afrika, og sekretariatet har base i Sør-Afrika. AFROSAI-E omfattar 25 land.

Riksrevisjonen og den svenske riksrevisjonen initierte og finansierte ei evaluering av AFROSAI-E i 2014. Evalueringa konkluderte med at AFROSAI-E har fått større betydning og relevans for medlemslanda, og at organisasjonen gir god bistand med avgrensa ressursar. Organisasjonen bidrar til institusjonsutvikling av riksrevisjonane i regionen og er sentral i utarbeidinga av rettleiingsmateriale, kvalitetssikring og styrking av posisjonen til riksrevisjonane i medlemslanda. Organisasjonen går inn i ein ny strategisk periode i 2015 med vekt på å implementere grunnleggjande revisjonsmetodikk i medlemslanda.

Riksrevisjonen har i 2014 bidratt til utarbeiding av rettleiingsmateriale og opplæring innanfor fleire revisjonsdisiplinar og til kvalitetsgjennomgangar av utvalde riksrevisjonar i regionen. Riksrevisjonen hadde ein norsk medarbeidar knytt til sekretariatet som langtidsrådgivar i heile 2014.

#### **Petroleumsprogrammet – ugandisk og sørsudansk riksrevisjon**

Riksrevisjonen etablerte i 2012 eit petroleumsprogram med formålet å bistå riksrevisjonar i å utvikle og/eller styrkje revisjonen av petroleumssektoren. Programmet samarbeider tett med NORAD-programmet Olje for utvikling og internasjonale og regionale aktørar som AFROSAI-E og INTOSAI Development Initiative (IDI).

Riksrevisjonen i Uganda har vore forsøksland for Petroleumsprogrammet, og samarbeidet med riksrevisjonen i Uganda omfattar overordna risikovurderingar, forvaltningsrevisjon innanfor petroleum og miljø og støtte til revisjonar av kontraktane mellom staten og oljeselskapa (Production Sharing Agreements). Samarbeidet omfattar også kontakt og koordinering med andre relevante aktørar og støtte til kurs og opplæring.

Som ei utviding av Petroleumsprogrammet inngjekk Riksrevisjonen eit samarbeid med den sørsudanske riksrevisjonen i 2013. Siktemålet var å bidra til sterkare kontroll med petroleumssektoren. I 2014 bidrog Riksrevisjonen, i samarbeid med mellom andre Olje for utvikling, til kartlegging og risikoanalyse av petroleumssektoren i landet og til planlegging av ulike revisjonar innanfor oljesektoren.

Etter førespurnad om bistand frå den tanzanianske riksrevisjonen gjennomførte Riksrevisjonen i 2014 ein studie i Tanzania for å vurdere føresetnader for bistand innanfor petroleumssektoren. Tanzania har gjort betydelege gassfunn, og det er venta store statsinntekter frå sektoren. På bakgrunn av forstudien har Riksrevisjonen bestemt at dei vil innleie eit samarbeid med den tanzanianske riksrevisjonen, førebels for ein toårsperiode, for å avklare om føresetnadene for eit meir langsiktig samarbeid er til stades.

### **Makedonsk riksrevisjon**

Riksrevisjonen har eit fireårig samarbeid med riksrevisjonen i Makedonia fram til 2016. Samarbeidet blei innleidd på bakgrunn av søknad frå den makedonske riksrevisjonen til IDIs givarsekretariat. Samarbeidet omfattar i hovudsak utvikling av it-infrastruktur og innføring av eit elektronisk revisjonsstøtteverktøy i organisasjonen.

---

### **5.2 Utviklingssamarbeid og IDI (INTOSAI Development Initiative)**

IDI er INTOSAI's organ for institusjonell bistand og utvikling. Riksrevisjonen sitt utviklingssamarbeid skal vere tett kopla til arbeidet IDI gjer for utviklinga av riksrevisjonar. Dette nære samarbeidet er utvikla vidare i 2014. Søknadsmengda til IDIs givarsekretariat viser at det er eit stort behov for støtte til institusjonsutvikling. Riksrevisjonen har forplikta seg til å ta på seg ein del av desse førespurnadene om bistand. I tillegg gir Riksrevisjonen eit årsverk i form av hospitering til IDI, og bistår elles IDI ved behov. Sjå vedlegg 7 for ei nærmare orientering om IDI.

## 6 Dei tilsette i Riksrevisjonen

### 6.1 Personale og arbeidsmiljø

#### Arbeidsmiljø

Riksrevisjonen legg stor vekt på å ha eit godt arbeidsmiljø. I tråd med arbeidsmiljølova er det etablert retningslinjer for varsling om kritikkverdige forhold i eiga verksemd. Ei eiga varslingsgruppe ligg under arbeidsmiljøutvalet.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) følgjer opp alle forhold som gjeld endringar og utviklingsprosjekt som kan påverke arbeidsmiljøet. I 2014 har AMU spesielt vore opptatt av arbeidet med å finne og utvikle nye lokale som Riksrevisjonen skal flytte til i 2016.

Hovudverneombodet deltar på møte i arbeidsmiljøutvalet og på møte mellom administrasjonsavdelinga og tenestemannsorganisasjonane.

#### Leiar- og medarbeidarkrav i Riksrevisjonen

For å sikre eit godt arbeidsmiljø i Riksrevisjonen er det viktig at både leiarar og medarbeidarar tar ansvar gjennom veremåte og praktiske handlingar. Det er derfor utvikla og implementert nye leiar- og medarbeidarkrav i 2014. I tillegg har leiarane fått ei fagleg oppdatering. Alle leiarar har utarbeidd ein utviklingsplan som dannar grunnlag for det vidare arbeidet med leiarutviklingstiltak på individ- og gruppenivå.



I 2014 blei nye leiar- og medarbeidarkrav implementert.

Foto Ilja Hendel

#### Kjønnsfordeling

Statistikken viser at kjønnsfordelinga i Riksrevisjonen framleis tilfredsstillar krava i *lov om likestilling mellom kjønna* (likestillingslova) og Hovudavtalen i staten. I 2014 var 57,7 prosent av dei tilsette i Riksrevisjonen kvinner, ein auke på 0,3 prosentpoeng sidan 2013.

I 2014 var kravet om 40 prosent representasjon av begge kjønn innfridd i mellomleiargruppa og i saksbehandlargruppa. I toppleiargruppa var 37,5 prosent kvinner, og det er framleis berre kvinner i gruppa av konsulentar. Det er 83 prosent kvinner blant reinholdspersonalet, og det er berre menn blant driftsteknikarane. Gruppene der eit kjønn er representert med mindre enn 40 prosent, har 10 eller færre medarbeidarar. Riksrevisjonen er merksam på kjønnsfordelinga i desse gruppene ved rekruttering.

Det er liten lønnsforskjell mellom kvinner og menn.

Berre eit fåtal medarbeidarar har varig redusert stillingsdel, og det er relativt sett fleire kvinner (8,3 prosent) enn menn (3 prosent) som har redusert stilling. I aldersgruppa under 50 år er det berre kvinner som jobbar fast deltid. Det blir utlyst berre heiltidsstillingar, men det blir lagt til rette for deltidsarbeid når ein medarbeidar har behov for det.

### Mangfald

Samspels- og omdømmeverdiene i Riksrevisjonen danner grunnlaget for og angir dei sentrale måla for personalpolitikken. Ei brei samansetning av personalet med omsyn til kompetanse, bakgrunn, alder, kjønn og etnisitet kan styrkje oppgåveløysinga og gi eit betre arbeidsmiljø. Personalpolitikken byggjer på likeverd uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne, religion, kulturelle forskjellar og legning.

Gjennom ein lokal tilpassingsavtale til hovudavtalen forpliktar Riksrevisjonen seg til å leggje til rette for mangfald blant dei tilsette, særleg med tanke på kjønn, etnisitet, funksjonsevne og alder. Riksrevisjonen har utarbeidd ein handlingsplan for likestilling og mangfald for 2014–2018.

I handlingsplanen er det foreslått tiltak som rettar seg mot

- å få fleire kvinnelege leiarar
- å synleggjere oppgåver og utviklingsmoglegheiter for alle og som passar ulike typar erfaring og bakgrunn
- å leggje til rette for og følgje opp medarbeidarar med nedsett funksjonsevne
- å kartleggje kva moglegheiter for tilpassing som finst for medarbeidarar med nedsett funksjonsevne, og kartleggje nye teknologiske moglegheiter

Elektroniske søknadsverktøy gir søkjarar med innvandrarakgrunn eller nedsett funksjonsevne høve til å be om ei særskild vurdering av søknaden sin. Nødvendig utstyr blir stilt til rådvelde for medarbeidarar med spesielle behov for fysisk tilrettelegging av arbeidsplassen.

### Alderssamansetning og seniorarbeid

Tabell 5 viser alderssamansetninga i Riksrevisjonen per 31. desember 2014. Fordelinga i alder i prosent har vore relativt stabil dei siste åra, men i 2014 ser vi at prosentdelen blant dei yngste (20–29 år) er redusert med 2,3 prosentpoeng, medan gruppa over 50 år er auka med 1,8 prosentpoeng. Dette kan ha samanheng med at det på grunn av omorganiseringa var stillingsstopp i ein periode.

Tabell 5 Alderssamansetning i prosent per 31. desember 2014 (tal for 2013 i parentes)

Alder	Prosent
20–29 år	4,6 (6,9)
30–39 år	25,0 (24,8)
40–49 år	28,1 (27,8)
50–59 år	26,7 (25,8)
60 år og over	15,6 (14,7)

Riksrevisjonen har vedtatt ein seniorpolitikk for å stimulere seniorar til å utsetje pensjoneringa. Gjennomsnittsalderen for alderspensjonering i 2008 var 63,5 år. I 2014 var gjennomsnittsalderen 66,4 år.

### **Tilsette som begynte og slutta i 2014**

På grunn av nedbemanning i samband med omorganiseringa har det vore svært lite eksterne nyrekruttering i 2014. Vakansar etter medarbeidarar som har fråtredd, har for ein stor del blitt fylt opp av overtalige som følgje av nedbemanninga. Det same gjeld rekrutteringa til den nyoppretta støtte- og utviklingsavdelinga

I tillegg til dei som gjekk av med pensjon, slutta 4,9 prosent i 2014, mot 5,2 prosent i 2013 og 5,4 prosent i 2012.

### **Sjukefråvær**

Sjukefråværet utgjorde i 2014 4,7 prosent av talet på dagsverk totalt, mot 4,3 prosent i 2013. Riksrevisjonen er ei IA-bedrift. Leiinga, HR-seksjonen, arbeidsmiljøutvalet og bedriftshelsetenesta er viktige aktørar både i arbeidet med å følgje opp sjukefråvær og i arbeidet med å førebyggje og leggje til rette innan HMS-området.

Riksrevisjonen inngjekk ein ny avtale om bedriftshelseteneste i november 2014.

---

## **6.2 Kompetanse**

### **Kompetansesamansetning og -utvikling**

Den faglege bakgrunnen og kompetansen til medarbeidarane i Riksrevisjonen er variert og inkluderer mellom anna revisjon, økonomi, juss og ulike samfunnsvitskapar.

Alle nye revisjonsmedarbeidarar i Riksrevisjonen begynner ved tiltredinga på eit toårig opplæringsprogram innan den revisjonstypen dei skal arbeide med. Medarbeidarar som ikkje er omfatta av dei toårige opplæringsprogramma for nytilsette, skal kvart år gjennomføre minst 35 timar med arbeidsrelaterte kompetanseutviklings tiltak. Denne ordninga har som formål både å stimulere til og å tilby kompetanse- og eigenutvikling.

I 2014 blei det arrangert ca. 70 interne fagkurs. Kursa har vore retta mot ulike grupper av tilsette i Riksrevisjonen – tilsette som arbeider med revisjon, tilsette som arbeider med administrasjon, og leiarar. I samband med implementeringa av ny revisjonsmetodikk i rekneskapsrevisjon har det vore gitt ekstra opplæring til denne gruppa.

Ei vidareutdanning innan offentleg revisjon er no etablert som eit samarbeid mellom Riksrevisjonen, Norges Kommunerevisorforbund og Noregs Handelshøgskole. Bakgrunnen for etableringa har vore eit felles mål om at Noreg skal ha ein sterk og uavhengig offentleg revisjon av høgaste kvalitet. Vidareutdanninga skal gi studentane spesialisert kunnskap om fagområde som er særigne for offentleg revisjon. Studiet er på masternivå, og ved fullført studieløp får studentane tildelt ein MBA-grad frå NHH. I det første kullet, som starta opp hausten 2013, deltar 18 medarbeidarar og leiarar frå Riksrevisjonen.

Kvart år blir det gitt stipend til etter- og vidareutdanning basert på søknader frå den enkelte tilsette. Utdanninga skjer hovudsakleg ved universitet og høgskolar. Ved tildelinga hausten 2014, for studieåret 2015/2016, fekk tolv medarbeidarar stipend.

For å oppnå auka kompetanse og betre kjennskap til dei ulike revisjonstypane er det også eit mål å auke den interne mobiliteten. Tilsette i Riksrevisjonen har i tillegg høve til å hospitere for å auke kompetansen sin – anten i andre avdelingar og seksjonar

internt, i andre norske organisasjonar, i forvaltninga eller i internasjonale organisasjonar.

### **Interne arrangement**

Det er halde ei rekkje allmøte der leiinga i Riksrevisjonen har orientert om aktuelle saker. Det blei særleg informert om omorganiseringa og flyttinga på desse møta.

I desember var heile Riksrevisjonen samla til felles fagdagar, mellom anna med desse foredraga:

- Statssekretær Paul Chaffey: *Bedre styring og ledelse i staten*
- Leiar av kontroll- og konstitusjonskomiteen på Stortinget, Martin Kolberg: *Forventninger til Riksrevisjonen*
- Fagdirektør i PST, Jon Fitje Hoffmann: *Dagens trusselbilde og PSTs ansvarsområde*



Martin Kolberg på Riksrevisjonen sin fagdag.

Foto: Webcast



## 7 Styring, administrasjon og interne aktiviteter

---

### 7.1 Styringa i Riksrevisjonen

#### Styringssystemet

Den strategiske planen har ein tidshorisont på fire år. I tillegg blir det utarbeidd årlege verksemdsplanar, som av omsyn til revisjonssyklusen i rekneskapsrevisjonen gjeld frå 1. mai til 30. april.

Til dei strategiske måla er det utforma operasjonelle mål som konkretiserer ambisjonane for perioden, sjå nærmare omtale i kapittel 2. Det er også utarbeidd eit sett av resultatindikatorar knytte til de strategiske måla. Overvaking av resultatindikatorane er eit styringsverktøy for leiinga for å identifisere behov for intern kvalitetsforbetring. Indikatorane gir nyttig bakgrunnsinformasjon ved dei årlege risikovurderingane av operasjonelle mål og såleis også ved vurderinga av nødvendige utviklingstiltak i dei årlege verksemdsplanane.

I verksemdsplanane blir prioriterte revisjonsoppgåver nedfelte ut frå ei overordna vurdering av risiko innan kvart av departementa og på tvers av departementa. Dette utgjer den viktigaste delen av verksemdsplanen. I tillegg inneheld planen styrings-signal til avdelingane og ein nærmare omtale av prioriterte utviklingstiltak for å sikre ein så effektiv og god revisjon som mogleg.

Riksrevisjonen bruker eit elektronisk styringsinformasjonssystem til å fordele og rapportere forbruk av ressursar til oppgåver av både revisjonsfagleg og administrativ art på årleg basis. Erfaringstal gir også grunnlag for meir treffsikre ressursanslag ved framtidig planlegging.

---

### 7.2 Utviklingstiltak i organisasjonen

#### Risikovurderingar og verksemdsplan i året som gjekk

Risikovurderinga av dei operasjonelle måla blei oppdaterte i januar 2014 etter ein prosess i dei enkelte avdelingane og i tenestemannsorganisasjonane. Risikoen for desse fire operasjonelle måla blei vurdert som kritisk:

- Riksrevisjonen prioriterer revisjonsoppgåvene og ressursbruken etter ei heilskapleg vurdering av risiko og kva som er viktig, på tvers av departementsområda.
- Riksrevisjonen gjennomfører revisjon og rettleiing med høg fagleg kvalitet og i tråd med lov, instruks og internasjonale standardar.
- Riksrevisjonen tar tydelege strategiske avgjerder og sikrar gjennomføring i organisasjonen.
- Riksrevisjonen legg vekt på god fagleg leiing som gir meirverdi og kvalitet i oppgåveløysinga.

Primæroppgåvene til Riksrevisjonen blei gitt høgaste prioritet også i verksemdsplanen for 2014–2015. I tillegg blei desse tiltaka sette i verk:

#### Arbeid med verksemdsarkitektur

Riksrevisjonen har generelt gode ikt-system for å støtte opp om gjennomføringa av revisjonen og den administrative saksbehandlinga.



For å forenkle styringa av ikt-prosjekt og betre støtte opp under strategiske val, blei det i 2014 bestemt at det skulle etablerast eit rammeverk for verksemdsarkitektur i Riksrevisjonen. Ein verksemdsarkitektur vil bidra til ei heilskapleg oppnåing av ikt- og forretningsmål ved at prosjekta får eit felles målbilete å styre mot.

#### **Nye lokale for hovudkontoret**

Stortinget blei i Prop. 1 S (2014–2015) orientert om at Riksrevisjonen hadde sett i gang arbeidet med å finne eit nytt lokale for hovudkontoret etter at den noverande leigekontrakten går ut 1. oktober 2016. Etter ein utvalsprosess våren 2014 inngjekk Riksrevisjonen avtale med Stormgård AS, som er ein del av Olav Thon Gruppen, om leige av lokale som består av seks etasjar i eit nybygg i Storgata 14–18, og tilstøytande rehabiliterte lokale i to etasjar i Stenersgata 2–4 i Oslo. Den nye adressa frå seinhausten 2016 vil bli Storgata 16.



Riksrevisjonen flyttar til Storgata 16 i 2016.

Prospekt: Stormgård AS

#### **Forenkle og effektivisere oppgåver, prosessar og rutinar**

Det er i 2014 gjennomført eit prosjekt med arbeidstittelen «Tidstjuvprosjektet» for å effektivisere oppgåveløysinga i Riksrevisjonen. Prosjektet har identifisert fleire konkrete «tidstjuvar», og det er sett i gang tiltak for å redusere omfanget av dei.

#### **Kultur- og organisasjonsutvikling**

Det var einigheit i organisasjonen om at dersom den nye organiseringa av Riksrevisjonen skal få den effekten ein ønskjer, og bidra positivt til å nå måla i strategisk plan, var det nødvendig å få til ei justering av kulturen. Det vil derfor bli satsa på kultur- og organisasjonsutvikling også i ny organisasjon.

#### **Forbetre rutinar for formidling og oppfølging av strategiske avgjerder**

Tiltak som kunne betre avgjerdsprosessane blei utreda av ei arbeidsgruppe og sette i verk.

### Andre utviklingstiltak

- Evaluere og vidareutvikle system for felles overordna risikovurdering
- Oppgradering av intranettet
- Forenkla og forbetre nytt revisjonsstøtteverktøy med sikte på meir effektiv bruk av systemet
- Vidareutvikle verktøyet for elektronisk saksbehandling (eSak) for å sikre betre brukaroppleving og meir effektiv bruk
- Fornya risikovurdering

## 7.3 Miljø

### Miljøleing

Riksrevisjonen etablerte i 2011 eit enkelt miljøleingssystem. Tabell 7 viser utviklinga på viktige miljøindikatorar frå basisåret 2010.

Tabell 7 Miljøindikatorer i perioden 2010–2013					
Miljøindikator	Nivå basisår 2010	2013	2014	Endring fra basisår	Endring fra 2012
Energiforbruk kWh/m <sup>2</sup>	226	202	179	-20,8 %	-11,4 %
Papirforbruk per årsverk	4 571 ark	3 494 ark	3 956	-13,5 %	+13,2 %
Kildesorteringsgrad	57 %	72 %	70 %	13 prosentpoeng	-2 prosentpoeng
Transportkilometer per årsverk	8 476	9 389	9 932	+17,2 %	+5,8 %
Antall videokonferanser	753	1437	2 238	+197,2 %	+55,7 %

Riksrevisjonen er nøgd med at energibruken har gått ned med 11,4 prosent. Det indikerer at tiltaka som er sette i verk, fungerer som venta. Kjeldesorteringsgraden har ein reduksjon på 2 prosentpoeng. Flytting av kontor under omorganiseringa i 2014 verka inn på avfallssorteringa. Avfallsmengda var på over 6 tonn meir enn i 2013.

Talet på videokonferansar har auka mykje frå 2013. Bruken av digitale løysingar har auka. Vi registrerer ikkje bruken av kommunikasjonsløysinga Lync, der medarbeidarar har kontakt med kollegaer direkte på eigen PC, med lyd, bilete og høve til skjermdeling.

### Klimakvotar

Riksrevisjonen er med på den statlege ordninga med kjøp av klimakvotar. Direktoratet for økonomistyring (DFØ) registrerer og rapporterer om klimakvotar for flyreiser. Tabell 8 viser kva som er rapportert for Riksrevisjonen dei fire siste åra. Det har vært mindre reiser innanlands, medan talet på utanlandsreiser utanfor Europa har auka.

	Reiser				Kilometer			
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Innanlandsreiser	1 873	1 917	1 740	1 634	1 873 000	1 917 000	1 740 000	1 634 000
Utenlandsreiser	294	290	345	336	2 166 467	1 860 334	2 639 625	2 868 560

---

## 7.4 Tryggleik

Det er eit overordna tryggleiksmål at all informasjonsbehandling skal utførast i tråd med lovpålagde krav og på ein slik måte at tilliten til Riksrevisjonen ikkje blir svekt. Tryggleikstilstanden i Riksrevisjonen blir oppfatta som tilfredsstillande. Riksrevisjonen melde eitt tilfelle av innbrot i systema våre i 2014, men det er ikkje avdekt forhold i 2014 som tilseier at målet ikkje er nådd.

Riksrevisjonen har ein eigen tryggleiksleiar som får bistand av eit rådgivande organ – Sikkerhetsforumet. Det var fire møte i dette forumet i 2014.

I 2014 blei trusselvurderinga for Riksrevisjonen oppdatert. Vurderinga skal liggje til grunn for risikovurderingar av interne ikt-system og utgjere grunnlaget for å identifisere aktuelle generelle tryggingstiltak. På grunnlag av vurderinga i år er det innført grenser for til kva land det er lov å ta med utstyr som kan koplast til nettet til Riksrevisjonen. Trafikken ut og inn av Riksrevisjonen blir overvaka etter avtale av NorCERT, og Riksrevisjonen blei i 2014 med som deltakar i NSMs prosjekt «Allvis» for å betre tryggleiken. Vi ser det framleis som viktig å gjennomføre bevisstgjerings- og opplæringstiltak, og Riksrevisjonen deltok mellom anna i Nasjonal tryggleiksmånad i 2014. Riksrevisjonen blir halden oppdatert om aktuelle tryggleiksspørsmål ved å delta på konferansar og seminar, mellom anna i regi av NSM og NORSIS, og ved jamleg kontakt med og mottak av informasjon frå tryggleiksstyresmaktene.

## 8 Vurdering av framtidsutsikter og prioriterte område for revisjon

---

### 8.1 Vurdering av framtidsutsikter

Det blir stilt stadig større krav til offentleg revisjon og til profesjonalitet, kvalitet og effektivitet i utføringa av oppgåvene våre. Revisjonen skal ha stor samfunnsrelevans og aktualitet, og Riksrevisjonen må også i framtida levere revisjon og rapportar av høg kvalitet og i tråd med forventningane frå Stortinget.

Det er dei seinare åra gjennomført betydelege endringar både i gjennomføring og rapportering av revisjonen og i verksemda elles, mellom anna implementering av nye standardar for offentleg revisjon, nye støttesystem og ei større intern omorganisering i 2014. Ressursinnsatsen er redusert. Stortinget har uttrykt at dei er tilfredse med det arbeidet som blir gjort, og dei endringane som er gjennomførte dei seinare åra. Forvaltninga har også gitt positive tilbakemeldingar på utført arbeid og gir i stor grad uttrykk for at revisjonen også bidrar til forbetring, slik målsetjinga til Riksrevisjonen er.

Riksrevisjonen vurderer evna til å nå fastsette mål og levere forventna resultat som god også for framtida. Det krev at vi held fram med å leggje vekt på profesjonalisering, kvalitet og effektivitet. Det er viktig å ta ut synergiane av dei gjennomførte tiltaka og arbeide med å gjennomføre dei tiltaka som er identifiserte i verksemdsplanarbeidet, jf. nærmare omtale i kapittel 7. Ein større del av ressursane skal brukast til revisjon, og det er eit mål at den totale ressursinnsatsen blir redusert enda meir.

Riksrevisjonen følgjer nøye med på utviklinga av offentleg revisjon nasjonalt og internasjonalt, og vil framleis engasjere seg i dette arbeidet og i internasjonalt og bilateralt utviklingssamarbeid.

---

### 8.2 Prioriterte område for revisjon 2014–2018

Revisjonsoppgåver og ressursbruk skal prioriterast etter ei heilskapleg vurdering av risiko og kva som er viktig, på tvers av departementsområda.

Basert på strategiske vurderingar av risiko og kva som er viktig, identifiserte Riksrevisjonen i samband med ny strategisk plan i desember 2013 fem satsingsområde for revisjon og kontroll i planperioden 2014–2018, sjå nærmare omtale nedanfor. Dette er vesentlege samfunnsområde med høg risiko for mangelfull måloppnåing, og løyvingane til områda utgjer ein stor del av dei offentlege midlane. Riksrevisjonen skal elles særleg prioritere revisjon som går på tvers av departement og departementsområde. Kontroll- og konstitusjonskomiteen uttalte ved behandlinga av Riksrevisjonens Dokument 2 for 2013, jf. Innst. 127 S (2013–2014), at det er behov for å styrkje samarbeidet og koordineringa mellom ulike delar av statsforvaltninga og/eller på tvers av forvaltningsnivåa. Det blei da streka under at det er viktig at Riksrevisjonen følgjer opp desse områda. Komiteen slutta seg også til at Riksrevisjonen dei neste åra fokuserer særleg på dei utvalde satsingsområda.

Vurderingane av risiko og kva som er vesentleg, er ein dynamisk prosess, og vi endrar prioriteringane når forholda tilseier det. Kvart år gjennomfører vi sektoranalysar for å identifisere risiko innan alle sektorar. Analysane dannar grunnlaget for ei felles overordna risikovurdering på tvers av revisjonstypene (FOR). Gjennom FOR-prosessen

blir oppgåver innan kvart departement og på tvers av departementsområde prioriterte. FOR omfattar oppgåver som er tenkt rapporterte i Dokument 1 eller Dokument 3-serien (etterlevingsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og utvida selskapskontrollar). Den interne prosessen bidrar til å identifisere risiko og oppgåver både innanfor dei strategiske satsingsområda og på andre område/forhold der det er risiko for feil og manglar.

Område som peiker seg ut i tillegg til dei prioriterte satsingsområda, er mellom andre informasjonstryggleik og digitaliseringa av offentleg sektor. Det blir jamleg avdekt svakheiter ved tryggleiken knytte til datasystema i forvaltninga, og fleire verksemder har ikkje tilstrekkeleg kompetanse til å møte utfordringane i framtida. Vidare er gode og effektive ikt-system som støttar opp under verksemda, og som blir samordna internt i verksemda og mellom verksemder som er gjensidig avhengige av kvarandre, avgjerande for måloppnåing og effektiv ressursbruk. Digitalisering av offentlege tenester og interne arbeidsprosessar er viktig for å fornye, forenkle og forbetre forvaltninga, og digitaliseringsprosjektet i staten er eit av dei viktigaste satsingsområda til regjeringa. Det er krevjande å gjennomføre digitaliseringsprosjekt på ein god måte. Å få tatt ut dei forventa gevinstane av prosjektet stiller mange statlege verksemder overfor store utfordringar.

Vidare presenterer vi dei andre prioriterte satsingsområda våre og dei særskilde risikofaktorane innanfor desse områda.

### Helse

Helseområdet er av stor økonomisk og samfunnsmessig betydning. Ifølgje SSB utgjorde dei samla offentlege utgiftene til helse ca. 246 mrd. kroner i 2013. Totalbudsjettet til HOD er på ca. 174 mrd. kroner i 2015, av dei er 132 mrd. kroner sette av til dei regionale helseføretaka.

For den enkelte er god helse viktig for å kunne delta i arbeidslivet og bidra til verdiskapinga i samfunnet. Helseområdet angår alle gjennom heile livsløpet, noko som gjer kvaliteten på førebyggings-, behandlings- og etterverntenester viktig. Gode helse- og omsorgstenester er såleis ein av berebjelkanane i velferdsstaten.

Helse- og omsorgssektoren involverer fleire forvaltningsnivå, har ei kompleks organisering, samansette styringsformer og mange aktørar. Kompleksiteten gir stor risiko for manglande måloppnåing og ineffektivitet. Det er mellom anna krevande å sikre ei heilskapleg brukartilnærming og lik tilgang til helsetenester for heile befolkninga.

Den teknologiske utviklinga gjer nye metodar for diagnostikk og behandling mogleg, samtidig som det er aukande forventningar til helsetenester i befolkninga. Ressursane vil vere avgrensa, og det vil bli eit stadig aukande behov for tydelege prioriteringar. Det er stor risiko for at helsestyresmakter på ulike nivå ikkje



Helseområdet angår alle gjennom heile livsløpet.

Foto: Colourbox

har eit tilstrekkeleg informasjonsgrunnlag og gode nok føresetnader til å gjere nødvendige prioriteringar.

Det er stor risiko for manglande tilgang på kompetent helsepersonell og eit godt behandlings-, pleie- og omsorgstilbod. God utnytting av arbeidskrafta for å oppnå best mogleg kvalitet er avgjerande.

Det er også risiko for at førebyggjande arbeid ikkje i tilstrekkeleg grad blir prioritert. Auka globalisering gir risiko for rask spreiding av smitte.

### **Velferd, arbeid og pensjon**

Utgiftene til dei offentlege velferdsordningane var i 2013 på over 534 mrd. kroner, og utbetalingane gjennom trygdesystemet står for over ein tredjedel av statsbudsjettet. I økonomiske framskrivingar er det lagt til grunn ein sterk auke i utgiftene til pensjonar, helse og omsorg i åra som kjem. Berekrafta i velferdsordningane er avhengig av at velferdsmodellen har høg oppslutning og legitimitet i befolkninga. For å sikre dette må det vere god balanse mellom omsynet til å sikre inntekt for dei som fell utanfor arbeidslivet, og omsynet til å stimulere til auka arbeidsdeltaking.

Den demografiske utviklinga gjer at Noreg i løpet av dei neste tiåra kan få ei dobling av talet på alderspensjonistar samanlikna med talet på personar i yrkesaktiv alder. Dette inneber at det er viktig å lykkast med å sysselsetje ein stor del av befolkninga i yrkesaktiv alder.

Det er no meir enn 18 prosent av befolkninga i yrkesaktiv alder som får helserelaterte ytingar. Det er meir enn 300 000 uførepensjonistar i Noreg, og talet på unge uførepensjonistar er stigande. Det er risiko for at velferdsordningane i kombinasjon med inntektsutviklinga i befolkninga ikkje bidrar til auka sysselsetjingsgrad i befolkninga i yrkesaktiv alder. Det er også ein risiko for at samspelet med helsesektoren, spesielt knytt til førebyggings- og behandlingstiltak som påverkar arbeidsevna i befolkninga, ikkje er godt nok. Samtidig indikerer undersøkingar at omfanget av svindel med ordningar i folketrygda er betydeleg.

Det er stor kompleksitet knytt til velferdsordningane og saksbehandlinga av dei. Effekten av regelendringar er derfor svært usikker, både for den enkelte og for samfunnsøkonomien. Det er ein risiko for at eit komplekst og uoversiktleg regelverk fører til feil, og at ein ikkje når måla med ordningane. Utvikling av fullverdige, moderne og integrerte ikt-løysingar har sidan etableringa av NAV i 2006 vore ein føresetnad for å kunne nå måla som er sette for NAV-reforma. Hausten 2012 blei det sett i gang eit omfattande ikt-moderniseringsarbeid med ei kostnadsramme på 3,3 mrd. kroner og ei varigheit på seks år. Etter ei replanlegging hausten 2013 er det framleis høg risiko knytt til gjennomføringa av moderniseringa, mellom anna på grunn av kompleksiteten, omfanget og avhengigheita mellom ulike system.

Innvandringa til Noreg har auka dei siste åra. Det er ein risiko for ikkje å lykkast i å nå målet om å integrere innvandrarane i arbeidslivet. Velferdssystemet og -forvaltninga kan få utfordringar i handteringa av desse gruppene.

Arbeidsinnvandringa bidrar til verdiskaping, men samtidig er det risiko for sosial dumping.

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Samfunnstryggleik og beredskap dreier seg om å sikre borgarane liv, helse og sentrale samfunnsverdiar som samfunnsstabilitet og ein velfungerande økonomi. Det norske



samfunnet har dei siste åra vore utsett for fleire alvorlege hendingar, som ekstremvær, flaum, terrorangrep, pandemi og store brannar. Slike uønskte hendingar vil kunne få store konsekvensar når det gjeld å oppretthalde kritisk infrastruktur og viktige samfunnsfunksjonar på fleire område (helse, vatn, mat, energi, kommunikasjon o.l.).

Eit trygt og velfungerande samfunn føreset at ei rekkje tenester, funksjonar og installasjonar er på plass innanfor så å seie alle samfunnssektorar. Dette stiller store krav til heilskapleg styring og samarbeid på tvers av sektorar, forvaltningsnivå og etablerte ansvarsområde. Det gjeld både førebyggjande beredskapsarbeid, analytisk arbeid og krisehandtering.

Gode informasjons- og kommunikasjonssystem er ein føresetnad for effektivt samvirke mellom ulike etatar, verksemdar og forvaltningsnivå. Formålstenleg kommunikasjon på tvers av ansvarsområde er nødvendig for å kunne gjere gode vurderingar av risiko på alle nivå og utarbeide heilskaplege og integrerte beredskapsplanar med tydeleg definerte ansvarsforhold i krisesituasjonar.

Anslag mot eller svikt i ikt-system vil kunne setje heilt sentrale samfunnsfunksjonar og -tenester ut av spel. Ikt-tryggleik er derfor av avgjerande betydning for tryggleiken i landet vårt og for kritisk infrastruktur for vatn- og energiforsyning, bankvesen mv. Robuste ikt-system er også ein vesentleg komponent i eit påliteleg varslingsystem i krisesituasjonar, både internasjonalt, nasjonalt og lokalt.

Ein særskild risiko ved beredskapsplanar og -system er at manglande testing og øvingar kan føre til feil bruk og svak utnytting av systema.

Samfunnstryggleik og beredskap føreset også at styresmaktene har eit tilstrekkeleg langsiktig perspektiv på investeringane.

Internasjonalt samarbeid er av sentral betydning når det gjeld å førebyggje uønskte hendingar og handtere krisesituasjonar.

Det er viktig å etablere og halde ved like kanalar og mekanismar for utveksling av informasjon om truslar. Effektiv utveksling av informasjon på tvers av landegrensar er også heilt avgjerande for eit treffande og realistisk risikobilete.

### Samferdsel

God infrastruktur er ein av grunnpilarane i eit moderne samfunn. Det overordna målet for transportpolitikken er å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, trygt og miljøvennleg transportsystem som dekkjer behovet samfunnet har for transport, og fremmer regional utvikling. I Nasjonal transportplan 2014–2023, som omfattar sektorane veg, jernbane, luftfart og kyst, er det lagt opp til ei planramme på 508 mrd. kroner. Dette er ein betydeleg vekst samanlikna med tidlegare rammor. Luftfarten har i hovudsak vore sjølvfinansiert og inngår ikkje i dei økonomiske rammene. Nasjonal transportplan har også andre vesentlege mål knytte til reduksjon i klimapåverknad, betra trafikktryggleik og universell utforming.



Ikt-tryggleik er av avgjerande betydning også for kritisk infrastruktur.

Foto: MorgueFile

I tillegg har regjeringa varsla ei betydeleg auka satsing og ny verkemiddelbruk på samferdselsområdet i perioden, mellom anna etablering av eit eige utbyggingsselskap og eit infrastrukturfond. I statsbudsjetta for 2014 og 2015 er løyvingane til veg og bane auka.

Investeringsinnkjøp-/prosjekt er ein viktig del av verksemda til Statens vegvesen, Jernbaneverket og Kystverket, og dei er avgjerande for utføringa av primær oppgåvene deira. Erfaringsvis er det høg risiko knytt til planlegging og gjennomføring av slike innkjøp/prosjekt, mellom anna er det risiko for vesentlege forseinkingar, betydelege kostnadsoverskridingar og mangelfull kvalitet. Det er også eit stort vedlikehalds- etterslep på samferdselssektoren.

### **Globalisering, bistand og miljø**

Dagens samfunn er stadig tettare vevd saman gjennom globalisering av økonomi, global migrasjon og globale miljøproblem. Flyten av menneske, kapital, varer og tenester over landegrensene har auka betydeleg i omfang og aukar framleis.

Gjennom FN har verdssamfunnet samla seg om at hovudutfordringane for ei berekraftig utvikling er internasjonal fattigdom, reduksjon i naturmangfaldet, menneskeskapte klimaendringar og spreiding av miljøgifter. Det har dei seinare åra blitt ei tettare samankopling mellom miljø- og bistandsområda, også i norsk politikk og forvaltning.

Den internasjonale økonomien blir stadig meir integrert. Utviklinga skaper store utfordringar for skatt- og avgiftslegginga av personar og selskap med eigarskap og transaksjonar over landegrensene. Fleire selskap med statlege eigarinteresser investerer i aukande grad i internasjonal verksemd. Vidare har selskap med statleg eigarinteresse i aukande grad leverandørkjeder av internasjonal karakter. I tillegg kan det vere utfordrande å få transparens i korleis investeringar frå statlege fond blir endeleg investerte. Integrasjonen av internasjonal økonomi gjer også økonomisk kriminalitet vanskelegare å handtere.

På bistandsområdet er det risiko for låg måloppnåing og kostnadseffektivitet og for korrupsjon. Dette er mellom anna knytt til svake statsstrukturar og forvaltningssystem og låg grad av openheit i mottakarlanda og spreininga av Noregs bilaterale bistand på 113 land, over 5000 avtalar og mange kanalar. Til saman gir dette risiko for svakheiter i planlegging og oppfølging av løyvingar på norsk side. Det er varsla ein gjennomgang av bistandsporfølgen og ein konsentrasjon av bistanden mot færre land. Nye bistandsformer som resultatbasert bistand gjer utbetalingar meir avhengige av oppnådde resultat enn tidlegare. Det kan redusere tradisjonelle risikofaktorar, men samtidig auke insentiva til bevisst feilrapportering om resultat.

På miljøområdet er det risiko for at energi- og transportpolitikken ikkje er samordna med klimapolitikken, og at samfunnet ikkje klarer å møte utfordringane som klimaendringane gir for mellom anna handtering av overvatn og sikring mot flaum og ras. Tapet av naturmangfald held fram på grunn av endringar i arealbruk og klima, tap av skog, overutnytting av fiskeriressursane og invasjon av framande artar. Naturmangfaldet taper ofte i konkrete arealbrukskonfliktar, sjølv i verneområde. Det er risiko for at denne utviklinga vil halde fram. Mangel på langsiktig planlegging og manglande samhandling gir ein risiko for at styresmaktene ikkje når viktige mål i miljøpolitikken. I tillegg er det risiko for at styresmaktene, både nasjonalt og på europeisk nivå, ikkje har ressursar og kompetanse til å passe på at næringslivet følgjer opp ansvaret dei har for risikovurdering av nye kjemikaliar.



## 9 Budsjett og rekneskap for 2014

Riksrevisjonens rekneskap er revidert av Ernst & Young AS, som er nemnd opp av presidentskapen i Stortinget. Rekneskap for 2014, med notar og revisjonsmelding, er send til presidentskapen i Stortinget.

Riksrevisjonen kjøper tenester knytte til rekneskaps- og lønnsføring frå Direktoratet for økonomistyring (DFØ). Dette gir fordelar i form av at dei tilbyr fellesløysingar som tar vare på overordna krav i dei statlege økonomiføresegnene.

Riksrevisjonen fører internrekneskapen etter dei nye statlege rekneskapsstandardane (SRS). Tabellane under viser resultatrekneskap og budsjett og hovudtal frå balanse-rekneskapen baserte på standard oppsett i dei nye rekneskapsstandardane.

Resultatrekneskapen under viser dei totale kostnadene for aktivitetane våre i 2014. Balansen gir ei oversikt over verdien av egedelar og gjeld per årsskifte.

Resultatregnskap (tall i 1000)				
	Budsjett 2014 (SRS)	Rekneskap 2014 (SRS)	Avvik budsjett/ rekneskap (SRS)	Rekneskap 2013 (kontant)
Inntekter frå løyving	539 241	506 452	32 789	504 643
Driftsinntekter	2 450	2 480	-30	2 644
<b>Sum inntekter</b>	<b>541 691</b>	<b>508 932</b>	<b>32 759</b>	<b>507 287</b>
Lønn og sosiale kostnader	403 641	387 250	16 391	387 004
Andre driftskostnader	121 550	105 569	15 981	103 819
Avskrivningar	16 500	16 118	382	16 473
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>541 691</b>	<b>508 937</b>	<b>32 754</b>	<b>507 296</b>
<b>Finansinntekter og -kostnader</b>	<b>-</b>	<b>-6</b>	<b>6</b>	<b>-9</b>
Årsverkinnsats		453		466

Balanse (tall i 1000)		
	31.12.2014	31.12.2013
Anleggsmidler	53 395	63 405
Omløpsmidlar	5 999	4 167
<b>Egedelar</b>	<b>59 394</b>	<b>67 572</b>
Langsiktige forpliktingar	-54 395	-64 405
Kortsiktig gjeld	-72 854	-75 746
Avrekning med statskassa	67 855	73 894
<b>Verksemdskapital og gjeld</b>	<b>-59 394</b>	<b>-66 257</b>

Den kortsiktige gjelda omfattar i hovudsak feriepengeavsetning, andre påløpte lønns-kostnader, skattetrekk, meirverdiavgift og andre påløpte kostnader per årsskiftet.

Tabellen under gir ei oversikt over kva type eigedelar Riksrevisjonen har, og korleis tilgangen og avskrivningane for dei har vore.

<b>Eiendeler (tall i 1000)</b>				
	<b>Immaterielle eigedelar</b>	<b>Maskiner, transportmiddel</b>	<b>Driftslausøyre, inventar, verktøy</b>	<b>SUM</b>
Innkjøpskost per 1.1.2014	40 942	779	68 438	110 159
Tilgang 2014	402		5 672	6 074
Akkumulerte avskrivningar per 1.1.2014	-6 439	-591	-39 579	-46 609
Ordinære avskrivningar i 2014	-4 710	-71	-11 482	-16 263
<b>Balanseført verdi per 31.12.2014</b>	<b>30 194</b>	<b>151</b>	<b>23 050</b>	<b>53 395</b>

Tabellen under viser direkte kostnader (driftskostnader eksklusiv husleige, infrastrukturkostnader og andre felleskostnader) fordelte på ulike hovudformål (tal i 1000 kr).

<b>Direkte kostnader per formål (tall i 1000)</b>				
<b>Direkte kostnader per formål (tall i 1.000)</b>	<b>Revisjonsfaglege aktivitetar</b>	<b>Internasjonale aktivitetar</b>	<b>Kompetanseutvikling</b>	<b>Leing og støttefunksjonar</b>
Lønnskostnader	263 532	15 733	23 601	90 466
Sjukepengar og refusjonar	-10 677	-134	-	-977
Sosiale kostnader	597	33	1	96
Andre driftskostnader	16 002	6 980	6 558	23 708
Avskrivningar	3 670	-	-	12 448
<b>Fordelte driftskostnader</b>	<b>273 124</b>	<b>22 612</b>	<b>30 160</b>	<b>125 741</b>
Prosentvis fordeling 2014	60,47 %	5,01 %	6,68 %	27,84 %
Prosentvis fordeling 2013	63,10 %	5,10 %	6,40 %	25,40 %

---

Meldinga om verksemda i Riksrevisjonen i 2014 blir send til Stortinget.

Vedtatt i Riksrevisjonens møte 5. mai 2015

**Per-Kristian Foss**

**Eirin Faldet**


**Beate Heieren Hundhammer**

**Gunn Karin Gjul**


**Arve Lønnum**

**Björg Selås**

## Vedlegg 1: Riksrevisjonens organisasjonskart per 31. desember 2014



## Vedlegg 2: Lokalisering av medarbeiderne i Riksrevisjonen per 31. desember 2014



### Vedlegg 3: Riksrevisjonens rapportering til Stortinget i 2014

Oversendt Stortinget	Dokumentnummer	Tittel
30.01.2014	Dokument 3:5 (2013–2014)	Riksrevisjonens undersøkelse av effektivitet i konsesjonsbehandlingen av fornybar energi
25.03.2014	Dokument 3:6 (2013–2014)	Riksrevisjonens undersøkelse om elektronisk meldingsutveksling i helse- og omsorgssektoren
22.05.2014	Dokument 3:7 (2013–2014)	Riksrevisjonens undersøkelse av toll- og avgiftsetatens grensekontroll
22.05.2014	Dokument 3:8 (2013–2014)	Riksrevisjonens undersøkelse av den statlige kystforvaltningens arbeid med å øke andelen godstransport til sjøs
12.06.2014	Dokument 3:9 (2013–2014)	Riksrevisjonens undersøkelse av ivaretagelse av veteraner fra internasjonale operasjoner
25.06.2014	Dokument 3:10 (2013–2014)	Riksrevisjonens undersøkelse av NAVs arbeidsrettede oppfølging av personer med nedsatt arbeidsevne
25.06.2014	Dokument 3:11 (2013–2014)	Riksrevisjonens undersøkelse av barnefattigdom
25.06.2014	Dokument 3:12 (2013–2014)	Riksrevisjonens undersøkelse av bistand til ren energi
26.09.2014	Dokument 3:13 (2013–2014)	Riksrevisjonens undersøkelse om utnyttelse av infrastruktur til forskning i norske områder i Arktis
16.10.2014	Dokument 1 (2014–2015)	Riksrevisjonens rapport om den årlige revisjon og kontroll for budsjettåret 2013
16.10.2014	Dokument 3:1 (2014–2015)	Riksrevisjonens oppfølging av forvaltningsrevisjonar som er behandla av Stortinget
11.11.2014	Dokument 3:2 (2014–2015)	Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2013
17.12.2014	Dokument 3:3 (2014–2015)	Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes arbeid med Arktisk råd
17.12.2014	Dokument 3:4 (2014–2015)	Riksrevisjonens undersøkelse av internkontroll på anskaffelsesområdet i Statens vegvesen

## Vedlegg 4: Påbegynte forvaltningsrevisjoner som videreføres i 2015

### **Arbeids- og sosialdepartementet**

Oppfølging av ungdom utenfor opplæring og arbeid  
Sosial dumping  
Arbeidsmiljøkriminalitet

### **Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**

Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

### **Finansdepartementet**

Beskatning av utenlandske arbeidstakere og næringsdrivende

### **Forsvarsdepartementet**

Fregattvåpenet – operativ evne og mulige konsekvenser

### **Helse- og omsorgsdepartementet**

Folkehelsearbeid  
Kostnadseffektivitet og kvalitet etter innføringen av Samhandlingsreformen  
Ledelse og styring av personalressursene i helseforetakene

### **Justis- og beredskapsdepartementet**

DSBs arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap

### **Klima- og miljødepartementet**

Myndighetenes arbeid med å sikre god luftkvalitet  
Myndighetenes arbeid med å sikre godt vannmiljø og bærekraftig bruk av vannressursene

### **Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning<sup>1</sup>  
Gevinstrealisering i statlige ikt-prosjekter<sup>2</sup>  
Ikt i kommunene  
Konsulentbruk i staten

### **Kulturdepartementet**

(Ingen)

### **Kunnskapsdepartementet**

Studiegjennomføringen i høyere utdanning  
Tilgangen på læreplasser

### **Landbruks- og matdepartementet**

Myndighetenes arbeid med å legge til rette for realiseringen av målene om økologisk landbruk

### **Nærings- og fiskeridepartementet**

Så Kornfondene – måloppnåelse

1) Dokument 3:5 (2014–2015) *Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning* vart sendt Stortinget 17. februar 2015

2) Administrativ rapport 1 2015 *Riksrevisjonens undersøkelse av arbeid med gevinstrealisering i statlige ikt-prosjekter* blei publisert 15. mars 2015

**Olje- og energidepartementet**

Energieffektivitet i boliger og bygg

Myndighetenes arbeid med å øke oljeutvinningen fra modne områder på norsk kontinentalsokkel<sup>3</sup>

**Samferdselsdepartementet**

Effektivitet i vedlikeholdet av jernbanenettet

**Utenriksdepartementet**

Norsk bistand til godt styresett og antikorrupsjon

3) Dokument 3:6 (2014–2015) *Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes arbeid for økt oljeutvinning fra modne områder på norsk kontinentalsokkel* blei sendt Stortinget 15. april 2015

## Vedlegg 5: Revisjonsberetning



Statsautoriserte revisorer  
Ernst & Young AS  
Dronning Eufemias gate 6, NO-0191 Oslo  
Oslo Altrum, P.O. Box 20, NO-0051 Oslo

Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA  
Tlf: +47 24 00 24 00  
Faks: +47 24 00 29 01  
www.ey.no  
Medlemmer av den norske revisorforening

Til Stortingets Presidentskap

### Riksrevisjonens beretning

#### Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert Riksrevisjonens samlede årsregnskap for 2014. Årsregnskapet består av ledelseskomentar, resultatoppstilling, balanseoppstilling, kontantstrømoppstilling, regnskapsprinsipper og noter.

#### Kollegiets ansvar for årsregnskapet

Virksomhetens ledelse er ansvarlig for at årsregnskapet gir en dekkende fremstilling i samsvar med regelverk for statlig økonomistyring i Norge, herunder anbefalte statlige regnskapsstandarder (SRS), og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, instruksen for revisor oppnevnt av Stortingets Presidentskap for å revidere Riksrevisjonens regnskap og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

